

# AURE KYRKJELEGE FELLESRÅD SITT FORSLAG TIL BUDSJETT FOR 2024, OG ØKONOMIPLAN 2024-2027

## Beskriving av verksemda

Soknet er ei eigen juridisk eining. Jf. § 17 i lov om kyrkjeordning for Den norske kyrkje, skal kyrkjeleg fellesråd ivareta administrative og økonomiske oppgåver for sokna, utarbeide mål og planar for den kyrkjelege verksemd. Vidare ta ansvar for drift og vedlikehald av kyrkjer og kyrkjegardar. Fellesrådet er arbeidsgjevar for dei tilsette i kyrkja forutan presten, og er ei sjølvstendig eining med eit sjølvstendig budsjettansvar.

Kommunen har eit økonomisk ansvar, og plikt til å utrede utgifter til drift og vedlikehald av kyrkjer og kyrkjegardar til fellesrådet si verksemd etter lov om trus- og livssynssamfunn § 14. Kommunen har også forplikningar overfor fellesrådet i h.h. til tenesteytingsavtale.

## Innhald i tenesteytingsavtalen:

- Leie av kontorlokale inkl. reinhald
- Forsikring av kyrkjebygg og lausøyre
- Snøbrøyting av veg/parkeringsplass i tilknytning til kyrkje/kyrkjegardar.
- Bedriftshelseteneste.
- Assistanse ved større bygg- og anleggsarbeid
- Ettersyn av maskinpark.
- Uttak av kopipapir samt bruk av kopimaskin
- Høve til å søkje på internt utlyste stillingar.

## Talet på tenester for Aure, Stemshaug og Tustna sokn i 2022

Forordna gudstenester:	60 (+16)
Barnedåpar:	26 (+9)
Konfirmantar	26 (-3)
Gravferder:	47 (-1)
Vigslar:	5 (+3)
Konsertar:	6 (+1)

## Kyrkja sine oppgåver

Kyrkja prioriterer å yte god service til alt folket i kommunen. Vi må utvikle etaten sin administrative kompetanse, byggje opp kompetanse som arbeidsgjevar. Det er også svært viktig for personalpolitikken, å gi dei tilsette høve til å heve kompetansen innanfor sitt arbeidsområde. Dette området er vanskeleg å følgje opp når vi får uendra eller redusert tilskott frå kommunen kvart år. Den framtidige organiseringa vil ikkje bli endra med det første. Kyrkjemøte 2023, har forkasta tidlegare vedtak om ei arbeidsgjevarlinje.

Fellesrådet må støtte sokneråda og sokneprestane vedr. deira arbeid i sokna. og bidra økonomisk til sokneråda si verksemd, Jf. § 17 i lov om kyrkjeordning for Den norske kyrkje. Sokneråda har også strammare økonomi, og perioden med covid-19 har gitt utslag i mindre offerinntekter, noko som ikkje har teke seg oppatt enda. Med nyttilsett trusopplærar ser vi for oss eit meir aktivt barne- og ungdomsarbeid, derfor må fellesrådet inn med meir økonomisk støtte om ein skal halde oppe denne aktiviteten.

## Status frå fellesrådet

Frå 1 august auka vi stillinga som trusopplærar frå 32% til 50%. Vi ser at det er behov for auka aktivitet innanfor aldersgruppa 0-18 år. Auka lønskostnader her blir dekt av tilskott frå fond over 10 år.

I administrasjonen har det vore innsparingar dei siste åra og kyrkjevevja har no berre 60% stilling (40 +20) til å ivareta administrative oppgåver for sokneråd, sokneprest, og kyrkjevevja.

Dette er veldig lite, og derfor fell mykje sike oppgåver på kyrkjevevja, som vidare får problem med å utføre sine oppgåver med økonomi, sakshandsaming osv.

På sommarhalvåret har det vore innleidd ekstra ressursar (tilsvarande 20% på årsbasis) til vedlikehald på gravplassane, samt litt hjelp frå ungdommar gjennom sommarbua til planting og kantklipping. Stell

på gravplassane, er eit område vi må prioriterer og setje inn meir ressursar på sommaren. Det viser seg at vi har for lite ressursar til dette. Vi har ikkje kapasitet til all kantslått. Dette gjelder skråningar, rundt murar, bygningar, busker og tre, samt rundt gravminna. Det er ofte her vi får dei fleste tilbakemeldingar, og det forstår vi. Når det ikkje er gjennomført kantklipping, ser ikkje gravplassane fine og velstelte ut. Å ha velstelte gravplassar, er viktig for folket i Aure, og vi håpar vi kan få ekstra ressursar til dette.

På området rundt Aure kyrkje er det mange gamle og verneverdige gravminne. Vi jobbar framleis med å registrere alle data, og finne pårørande til desse.

Pensjonskostnader er alltid vanskeleg å budsjettere. Det viser seg at dette har auka kraftig det siste året, og at dette må kompenseres gjennom det kommunale tilskottet. Kommunen skal få meir frie inntekter i form av statstilskott til blant anna dette.

Kyrkjevevja har i oppgåve i å utrede muligheit til å opprette ei stilling som diakon i Aure. Dette har vi jobba med i fleire år, og viser her til møte med kommunen i høve bispevisitasen heilt tilbake som i juni 2012, der vi oppfatta at kommunen var svært positiv til dette. I det møtet vart det lagt stor vekt på å ha ein slik ressurs i kommunen, og det viktige arbeidet ein diakon utfører. Biskopen var på visitas i juni 2021, og det er beklageleg at vi ikkje kunne vise framgang i denne saka. Dette kan i framtida bli ei samarbeidsstilling med Smøla kirkelige fellestråd og bispedøme. Og vi har planar om at det vidareførast i møte med prosten Derfor er dette tiltaket teke ut av budsjett for 2024. Viser elles til diakoniplan for Aure, som er utarbeida utifrå ein sentral overordna nasjonal plan.

Kommunen har lagt inn fleire prosjekt til fellesrådet i økonomiplanperioden. Og vi har starta opp arbeidet med desse, men har ikkje fått realisert dette i 2023 på grunn av saksgong og avventa godkjenningar frå andre myndigheiter.

Nytt tiltak som er kome fram i 2023 er renovasjon og utskifting av avfallsdunkar til botntømte bakkeplasserte containerar. Det er slike som er plassert ved skoler, institusjonar og rådhus i kommunen. Og vi meiner dette passer også godt inn ved gravplassane. Desse ha større kapasitet og er meir estetiske uforma. Kyrkjevevja har vore i kontakt med Remidt, og fått kostnadsoverslag. Kostanden for tømning vil auke, og dette må leggjast inn i budsjett for 2024

### **Kommunen sin økonomi**

Aure kommune har hatt ein strammare økonomi dei siste åra. Dette ser også ut til å fortsette vidare. Aure kommune har sidan 2008 brukt osthøvelprinsippet ved budsjetthandsaminga. Politikarane har i fleire år signalisert at ein ikkje kan fortsetje med osthøvelprinsippet, og vil ta grep, likevel får alle einingar redusert tilskot kvart år.

Budsjettet for 2023 og økonomiplanen 2023-2026 viser at Rammebetingelsane for Aure kommune blir forverra ved at ein må handtere inntektstap i åra som kjem. Dette gjelder i hovudsak nedtrappinga av inndelingstilskottet etter kommunesamanslåinga i 2006, samt ei negativ befolkningsutvikling som påverkar de frie inntektene. 2024 er siste år i nedtrappinga av inndelingstilskottet. Samtidig er det frå 2023 ei betydeleg auke i renteutgiftene. Likevel ser ein at auke i skatteinntekter, midlar frå Havbruksfondet og innføring av eigedomsskatt på bustad- og fritidseigedomar kompenseres noko for inntektsbortfallet. Kompensasjonsordninga knytt til endringane i eigedomsskattelova gjeldande frå og med 2019, er usikker. Men til no har ein motteke tilnærma full kompensasjon.

Med renteauke vil rente- og avdrag ta ein større del av driftsbudsjettet i framtida. Prisstigning på bl.a. matvarer, økte straumprisar og renteoppgang vil nødvendigvis bety høgare krav i forhold til lønskompensasjon. Tariffoppgjeret i 2023 viser nettopp dette og det er spådd at en kan forvente høge lønsoppgjer i dei næraste åra.

Derfor er driftssituasjonen slik at kommunen framleis må bruke disposisjonsfond for å kome i balanse. Og ut ifrå dette er det forventet at netto driftsramme i åra framover også blir redusert.

## Budsjettarbeidet 2024

### Økonomisk Ramme for 2023:

Fellesrådet sitt budsjett for inneverande år (2023) er oppbygd av følgjande element:

1. Tildeling netto ramme frå Aure Kommune	3.360.000,-	
2. Inneheld tenesteytingsavtale	298.000,-	
3. Lønsauke 2023	123.000,-	
<b>4. Netto ramme frå kommunen 2023</b>	<b>3.360.000,-</b>	<b>(auke kr 123 .000,- frå 22)</b>

### Andre inntekter:

5. Overføring frå staten	495.000,-	Trus-opplæring/konf.l
6. Eigne inntekter (gravfeste etc.)	350.000,-	
<b>Sum:</b>	<b>865.000,-</b>	

**Totale inntekter netto 4.225.000,-**

### Kommentarar:

1. Tilskot frå kommunen, jf. lov om trus- og livssynssamfunn § 14
2. Aure kyrkjelege fellesråd og Aure kommune har inngått ein tenesteytingsavtale pr. 29.05. 2007, til kr. 298.000,-. Dette er tenester, og beløpet ikkje blir overført til fellesrådet.
3. Den 16.12.2010, i sak 65/2010 pkt. 9 gjorde Aure kommune følgjande vedtak : «Aure kyrkjelege fellesråd håndteres på linje med andre etater i Aure kommune, herunder vurdert i forhold til andel av Aure kommune sitt lønnsreguleringspost.»

I oktober 2013 kommuniserte økonomisjefen og kyrkjeverja, der vi fann ut at ordninga med å ha del i lønsreserveposten var veldig uoversiktleg. Økonomisjefen la fram eit anna forslag til oss, der den årlege lønsjusteringa skulle takast direkte inn i berekninga av det årlege tilskottet Aure kommune yter fellesrådet. Dette fungerte i to år. Kommunen har deretter gjeve oss same kronebeløpet kvart år. Det kan derfor sjå ut som vi ikkje har noko nedgang i vårt driftsbudsjett.

### **Likevel har ikkje Aure kommunestyre endra det vedtaket som vart gjort i sak 65/2010**

Ein lønnsreservepost som skal dekke lønsauke. Derfor er det ikkje lagt inn lønsauke i framlegg til budsjett frå de forskjellige einingane sine budsjettforslag.

Det har no blitt endring på dette og fellesrådet får kompensert lønsauke direkte inn i løyvingane frå kommunen t

4. Netto tilskott overført frå kommune utgjør kr. 3.360.000,-
5. Staten tildeler årleg tilskott øyremerka trus opplæring (0-18 år). kr. 270.000,-
6. Fellesrådet krev inn festeavgift på graver eldre enn 20 år. Festeavgifta er pr. i dag kr. 128,- pr. år. etter vedtak i kommunestyret i 2020 med vidare indeks regulering i åra framover.  
For 2023 er det ca. 230 graver yngre enn 60 år, som forfell til betaling  
Vidare kjem avgifter på oppretting og sikring av gravminne. Samt at vi tilbyr stellavtalar.

Avgifter som er teke bort er for fleire år sidan er :

Fjerning av gravminne og betaling for vigsel av utanbygdsbuande som har tilknytning til kommunen. Vi i tek framleis betalt for gravferd for dei som bur utanfor kommunen, samt utleie av kyrkjebygga. i.h.t. lov om kyrkjeordning for DNK § 22

Fellesrådet har for 2023 ingen endringar som fører til konsekvensjustering av budsjettet utover lønsauke.

## Budsjettforslag 2024

### Nye tiltak for 2024, og vidare i økonomiplanperioden

Tiltak	2024	2025	2026	2027
	<b>3.360</b>	<b>4005</b>	<b>4205</b>	<b>4640</b>
1. Lønsauke utifrå tariff + løn kyrkjev.	185	200	200	200
2. Auka ressursar på gravplassane	60			
3. Auka ressursar i administrasjon 50%	400			
4. Diakonistilling 1/3 stilling			235	
	<b>+645</b>	<b>+200</b>	<b>+435</b>	<b>+200</b>
Sum	<b>4005</b>	<b>4205</b>	<b>4640</b>	<b>4840</b>

#### Kommentarar:

##### 1.Lønsauke 2024

Grunnlag lønn Aure kyrkjelege fellestråd: 3,33 millionar kroner x 4,5 % = kr. 150.000,- inkl. sos. utgifter.

##### 2. Auka ressursar gravplassar

Vedlikehaldet på kyrkjegardane krev store ressursar på sommaren. Vi ønskjer må få til ein 20% stilling som blir bruka på sommarhalvåret. Dei siste åra har vi dessverre blitt tvinga til å gå ned på standaren, og har fått fleire tilbakemeldingar på dette, På driftsbudsjettet har vi prøvd å setje av ekstra ressursar til dette, men for inneverande år har vi bruka litt færre ressursar ute enn tidlegare. Arbeidet gjelder ikkje berre klipping av gras, men også kantklipping av skråningar, rundt bygningar og busker og trer. Vidare vedlikehald og maling av gjerde m.v. Om vi hadde hatt meir ressursar ville vi også kantklippa rundt kvart gravminne, sjølv om dette er pårørande sitt ansvar. Vi ser det er svært viktig for pårørande som besøker gravplassane, og generelt for heile bygda at gravplassane er fine og velstelte. Og Aure kyrkjegard som ligg midt i sentrum, og er eit blikkfang for den som besøker bygda vår, og bør sjå fin ut. Vidare er det også behov for innkjøp av nye reiskapar og hjelpemidlar som grav rammer på gravplassane våre. Og med auka ressursar både på personale og til drift er dette råd å få til.

##### Auka ressursar i administrasjonen

Det stillast større krav til administrative oppgåver, og rapporteringar mv.

I dei seinare år har vi fått redusert årsverk i administrasjonen som følgje av naturleg avgang ved pensjon, og omorganisering i staben. Nedgangen over fleire år utgjer 68%. av heil stilling. På same tid er det ikkje tilsett fast prest, noko som fører til meirarbeid for administrasjonen. Ved å tilføre ei 50% stilling vil ein løyse dei nødvendige arbeidsoppgåvene som rekneskap, journalføring og oppfølging av sokneråda.

##### 4. Diakonistilling:

I svert mange år har vi hatt stilling som diakon på dagsorden og behovet er ikkje mindre no i 2022. Det var i 2009 det vart utarbeida ein plan for diakoni, som vart vedteken av alle tre sokna i kommunen. For å utøve denne planen, må ein tilsetje ein diakon. Dette er ein stilling som kan opprettast i samarbeid med kommunen i høve barne- og ungdomsarbeid m.m. Døme på andre arbeidsoppgåver er sorgarbeid i samband med ulykker, og andre tider når menneske er i sorg (ettervern). Førebyggjande arbeid ovanfor menneske som treng hjelp, omsorg og støtte og psykisk helsehjelp . Ein diakon kan også avlaste presten ved å gjennomføre gravferder m.v.

Vi ønskjer å samarbeide med Smøla kirkelige fellestråd og bispedømerådet for å få oppretta ei slik stilling i samarbeidsområdet Aure- Smøla. Vi håpar at vi kan ha dette på plass til å lyse ut stillinga i 2026. Håpar kommunen ser kor viktig ei slik stilling er.

#### Reduksjon av ramma vil føre til:

##### Reduksjon tiltak

Vi har i tidlegare år frå 2015-2020 fått redusert ramma med gjennomsnitt kr. 80.000,- kvart år i mangel på lønnskompensasjon. Dette har bidrege til at vi har redusert staben frå 4,95 årsverk i 2015 til 442 årsverk i 2020. Dette utgjer 0,53 årsverk i nedgang.

Vi føler ikkje det er grunnlag for å redusere vår ramme ytterlegare, da vi slit med dette etterslepet.

Likevel vil ei ytterlegare reduksjon av ramma til fellesrådet få desse konsekvensane( ikkje prioritert rekkefølge)

- Redusering av ressursar vil føre til mindre vedlikehald av gravplassane på sommarhalvåret. Det blir ikkje teke inn sommarvikarar
- Mindre vedlikehald av kyrkjene, som etterkvart blir meir forfalle.
- Stenging av kyrkjer
- Reduksjon av bemanninga på kontoret, som fører til dårlegare service utad, og ingen kapasitet til å jobbe med dei store prosjekta i økonomiplanen.

## **ØKONOMIPLAN FOR 2024-2027**

### **Investeringar og større vedlikehaldsoppgåver.**

Fellesrådet er klar over at for å bruke midlar som er tildelt kapitalbudsjettet, må investeringar og større vedlikehald være minimum kr. 100.000,-, og ha ei levetid på minst to år. Men innanfor dei små rammene vi har i drifta, er det uråd å setje i gang med vedlikehald som eigentleg skal førast i driftsbudsjettet.

Nedanfor viser løyvingar frå kommunen over investeringsbudsjettet dei siste åra.

### **Løyvingar på investering frå kommunen frå år 2000**

2006 kr. 120.000,-

2007 kr. 150.000,-

2010: kr. 600.000,- til driftshus Aure

2012: kr. 150.000,-

2020 kr. 50.000,- (corona-midlar)

2022 kr. 670.000,- til maling av Stemshaug kyrkje

2023 kr. 850.000,- til påbygg Stemshaug (under arbeid og ikkje overført, ønskjer å flytte til 2024)

2023 kr. 350.000,- Namna minnelund Gullstein ( under arbeid, ikkje overført)

2023 kr 125.000,- Oppvarming kyrkjer ( planlegging i gang, ikkje overført ønskjer å flytte til 2024)

Utviding av Gullstein kirkegård gjekk rett frå kommunen sitt budsjett.

Viser her til lov om trus- og livssynssamfunn § 14, der kommunen er økonomisk ansvarleg for drift, vedlikehald og investeringar til kyrkjelege fellesråd

Sidan det ikkje er kome løyvinga, vil våre prosjekt gå igjen frå tidlegare år.

### **A Investeringar - kyrkjer i prioritert rekkjefølgje (1000) inkl. mva, tilskott frå kommunen**

<b>Tiltak</b>	<b>2024</b>	<b>2025</b>	<b>2026</b>	<b>2027</b>
1. Nytt påbygg Stemshaug	850			
2. Nye varmekjelde i kyrkjebygga		125	1.200	560
3. Dekormaling Aure kyrkje		500		
4. Maling av Gullstein kirke			750	

#### **Kommentarar:**

##### **1. Nytt påbygg St.h. kyrkje**

Eit utbygg til Stemshaug kyrkje er nødvendig for å verne hovuddøra mot sørvesten. På vinterhalvåret trutnar den opp og går ikkje i lås. Det blir også stor slitasje når den står rett mot været. Prosjektet vart godkjent av Bispedømerådet i 2017, og vi vil sende dette ut på anbod, når vi får aksept frå kommunen. Prosjektet låg inne i 2023 i økonomiplanen med eit kostnadsoverslag sendt kommune tidlegare på kr. 850.000,- + mva. Byggesøknad er sendt til kommunen, men på grunn tilbagemelding frå kulturavdelinga i fylket, der dei ber oss vurdere saka på nytt med tanke på skifting av ytterdør, har

det teke lengre tid å fått det godkjent. Biskopen vil også ha ei ny vurdering av tiltaket. Ber derfor om midlar blir vidareført til 2024.

## 2. Nye varmekjelde i kyrkjebygga

I alle tre kyrkjene er det gamle røyromnar under benkene. Det er pr. i dag den einaste oppvarminga av kyrkjene våre. Totale straumkostnadar tidlegare år lege på mellom. 180.000,- – 220.000,- Enova kom for nokre år sidan med ein rapport som stadfesta at det vil vere svært besparande med å installere varmpumpe i kyrkjene. Det er berre i Stemshaug kyrkje vi har fått løyve til å installere varmpumpe. Utover dette tilrår Riksantikvaren å skifte ut gamle røyromnar med benkevarmarer i Aure kyrkje og Gullstein kirke. Dette vil være økonomisk på lang sikt. Dette er eit prosjekt som kan gå over fleire år.

Det som ligg inne i økonomiplanen er eit prisoverslag frå 2018 frå Safeheat som har spesialisert seg på oppvarming av kyrkjer sidan 1990 er oversendt kommunen tidlegare år. Dette er berre levering av benkevarmarar. Montering kjem i tillegg, og kostar om lag det same.

Det er no mange forskjellige oppvarmingskjelder på markanden, og for at vi skal finne den beste og mest økonomiske måten å tilføre varme i kyrkjene våre, er no satt ned ein komité som skal utarbeide ein rapport på dette. Komiteen har starta arbeidet, og vil samarbeide med Enova og bispekontoret. Og vi håpar det vil ligge føre ein rapport i fyrste halvår 2024. Vi ber derfor om at prosjektet blir vidareført i økonomiplanperioden.

## 5. Dekormaling Aure kyrkje

Aure kyrkje er 100 år i oktober 2024. Dekormalinga i Aure kyrkje stammer frå da ho var ny i 2024.

Det er mykje dekormaling i Aure kyrkje. Heile korveggen er av dekor. Vidare preikestol og orgelhus. Og dette ser ut til at den har halde seg fint framleis. Så er det over 40 søyler rundt i kyrkjeskipet, speil både på dører og gallerivegger, der behovet for restaurering er størst. Den har halde seg godt i lang tid, men det var litt restaurering og flikking i samband med innsetting av nytt orgel i 1980. Vidare vart det også gjort litt maling på nokre dørspegl i forkant av kronprinsparet sitt besøk i Aure kyrkje 01.10.2001.

Etter anbefalingar frå bispedømerådet kom målarmestar Kjell Arne Årseth var på besøk hos oss i vår, og såg på behovet for restaurering. Han kartla prosjektet, og lage ein plan for arbeidet og kom med ei kalkyle for kostnader. Han kom med forslag på delprosjekt, der ein tek søyler i hovudskipet, og ev. eit forprosjekt med å ta ei søyle først, for å sjå omfanget.

For å dekke deler av kostnadane har vi noko fond, som er øyremarka maling av kyrkja, samt testamentarisk gåve til Aure kyrkje som kan løyvast til dette og dekke første delprosjekt. Utover dette vil ein tru det kan være mogleg å søkje om tilskott til slikt arbeid både gjennom kommune og fylke.

## 4. Maling av Gullstein kirke

Gullstein kirke bør malast innan få år. Vi ser at spesielt tårnveggen er starta å flasse av.

Om det går mange år, vil forfallet komme raskt. Fellesrådet vil hente inn råd frå fagfolk,

Vi legger inn om lag same kostnad som for maling av Stemshaug kyrkje inkl. prisstigning.

## Dåpsrom/ HC toalett i Gullstein kirke

I Gullstein kyrkje er det ikkje eige dåpsrom. Samtidig er det ikkje tilkomst frå eksisterande hc-toalett og opp til kyrkja. Derfor ønskjer Tustna sokn å få eit påbygg v.s.a koret til dåpsrom, slik som i Stemshaug kyrkje. Prosjektet er framleis på planleggingsstadiet og er ikkje kostnadsberekna .

## **B Prosjekt på gravplassar i prioritert rekkjefølgje sum (1000) inkl.mva. tilskott frå kommunen**

**Tiltak:**    **2024**      **2025**      **2026**      **2027**

1 Gravplassane	350			
2. Reiskapshus m/vatn og sanitær på Folde		ikkje beregna kostnad		

## **Kommentarar:**

### **1.Gravplassar:**

Aure kommune har bevilga midlar til Namna minnelund både på Gullstein og Stemshaug i økonomiplanen. Vi er no i slutfasen for å få realisert namna minnelund på Gullstein kirkegård. Etter plana skal denne være ferdigstilt i løpet av hausten. Det ligg planar for Stemshaug, og her startar detaljplanlegginga i 2024.

### **2 Plan for vedlikehald Folde gravlund**

Det vil kome ein plan med kostnadsberekning for Folde gravlund, og dette vil bli lagt inn i økonomiplanperioden

#### **Klokketårnet**

Huset er i såpass dårleg stand utvendig at utbetring av de verste manglar er å betrakte som bortkasta pengar.' Det bør lages et prosjekt for total utvendig fornying av bygget, med unntak av vegg mot sjøen som er nykledd. I samband med eit slikt anlegg, bør det også lagast eit skikkeleg personalrom.

Størrelse ca. 30 m2

#### **Gjerde.**

Gjerde rundt gravlunden er preget av »tidenes tann»

Tiltak: lage en plan for nytt gjerde. Ev. stakittgjerde mot parkeringsplass

#### **Vatn.**

Gravlunden manglar framleis framlagt vatn. Det som er der i dag er ein stor plasttank, som vi fyller på etterkvart.

Framføring av vatn må prioriterast. Dette er eit arbeid som har vore jobba med tidlegare, men vart skrinlagt på grunn av store kostnader

Ei løysing er å søkje om å få knytte oss på vatningssystemet til ein nabo av gravlunden om vi får tilskott til dette.

### **Namna minnelund og ny gravplass i Aure sokn.**

Etter at vi fekk ei minnegåve gitt gjennom Aure kommune, har vi no fått etablert namna minnelund på Aure. Dette er vi veldig takknemleg for, og er eit tilbod vi håper blir bruka i åra framover. Det vil redusere behovet for ny gravplass i Aure sokn. Kravet er at det utifrå innbyggjartalet, skal vere 3 % ledige graver i ein kommune. Det er kommune sitt ansvar og sørgje for tilstrekkeleg med gravplassar. Ved gjenbruk av gamle graver, vil vi klare oss ein god del år framover med den eksisterande gravplassen på Aure, men behovet kan melde seg ein gong i framtida.

### **Til slutt**

Dette er tiltak Aure kyrkjelege fellesrådet har som planar for 2024-2027, og vidare framover. Nokre prosjekt er verken tidfesta eller kostnadsberekna, men der er viktig at kommunen er oppdatert på dei behova og planane Aure kyrkjeleg fellesråd har framover. Vi håpar elles kommunen ser på dei prosjekta vi har sett på dagsorden, som viktige for kommunen.

Aure 06.10.2023

Med helsing

Aure kyrkjelege fellesråd

Judith Bjørk  
kyrkjeverja